



Odd og Tormod i bedehuset

Tek du kunsten frå meg, tek du veldig mykje, men tek du evangeiliet frå meg, tek du alt. Odd Dubland kjem med denne erkjenninga når han i desse dagar sit og målar i bedehuset i Uskedalen. 77-åringen er noko så sjeldan som kombinert kunstnar og emissær, og no er han finna i ein 4 dagars møtebolck hos oss. Rogalendingen er autodidakt, men kunnskapsrik på mange område og har vore emissær i heile sitt vaksne liv. Han seier imidlertid sjølv at han er skåren av ein kálrabi på Jæren. Som målar er han sterkt inspirert av dei norske klassikarane frå 1800-talet og imponerer med sine marine- og landskapsmotiv. MULTIKUNSTNAR er vel den riktige merkjelappen. Han er også ein flink songar

At han no er i bedehuset vårt og til og med viser kunsten sin, skuldast eit lukkeleg treff mellom Tormod Myklebust og Odd Dubland i Stavanger, og uskedelingen var ikkje sein til å invitera Odd som har heile landet som arbeidsområdet sitt. Han har med seg mange måleri, men sel ikkje. I morgon føremiddag kan imidlertid interesserte stikke innom og sjå kva kunstnaren kan få til.

- Eg er marinemålar, seier han og viser oss det ham helst vil måla, det er ikkje minst gamle robåtar. Menneskjeog dyr held han seg unna. Han har måla mange kjende båtar, til dømes Kongeskipet og Osebergskipet, og er ikkje minst fascinert av det siste og det faktum at det siste har sigla rundt kysten frå Rogaland.

Det bør nemnast at han også er kjend som radiomann - på direkten. Odd syng helst gamle songar, som Jeg løfter opp til Gud min song.

- Har du vorte rik på di mangfaldige verksemd?

- Jau, eg er søkkrik, eg har 4 born og 9 barneborn

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen